



Ronny Vatle Lilletvedt
Skulegata 6
5722 DALEKVAM

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/483 - 20/7742

Saksbehandlar:
Tore Henrik Øye
tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

Dato:
04.09.2020

Fastsetjing av vilkår for personleg buplikt etter vedtak om konsesjon ved erverv av fast eigedom, gnr. 41, bnr. 1 Kalland i Vaksdal kommune

Delegeret vedtak. Saknr: 35/2020

Saksutgreiing

Vaksdal kommune viser til vedtak i formannskapet 26.08.19, der det vert sett vilkår om buplikt ved tildeling av konsesjon for erverv av landbrukseiendom gnr. 41, bnr. 1 Kalland, jf. sak 63/2019.

Sitat: «Formannskapet gir boplikt som omsøkt etter konsesjonslova. Konsesjonen gjelder erverv av landbrukseiendom gnr 41 bnr 1 Kaland i Vaksdal kommune».

Vedtaket seier ikkje noko om kva dato buplikta gjeld frå, og kor lenge den skal vare.

I følgje konsesjonslova § 11 andre ledd, kan det setjast vilkår om buplikt for å sikre lokal busetjing, noko som er gjort i gjeldande sak. Rundskriv M-3/2017, «Om konsesjon, priskontroll og boplikt», pkt 8.4.2, seier at vilkåret må grunngjenvæst ut frå omsynet som lova skal fremje. I dette høve er vurderinga at det er føremålstenleg med krav om personleg buplikt i 5 år. Til samanlikning fell denne perioden saman med lengda på «lovfesta buplikt» ved konsesjonsfritt erverv av landbrukseiendom, jf. konsesjonslova § 5 andre ledd.

Det vanlege er at ervervar får eitt år på seg til å innfri buplikta, frå den dato ervervet fann stad, eller frå den dato konsesjon vart gjeve. Sidan formannskapet ikkje sette eit slikt tidspunkt i sitt vedtak, finn rådmannen det naturleg at kravet om personleg buplikt blir gjeldande frå og med eitt år etter at dette vedtaket er fatta, fastsett til 1. september 2021.

VEDTAK

Med heimel i konsesjonslova § 11 andre ledd, set Vaksdal kommune vilkår om *personleg buplikt* ved tildeling av konsesjon til Ronny Lilletvedt for erverv av landbrukseigedom gnr. 41, bnr. 1 Kalland i Vaksdal kommune, jf. vedtak av 28.05.2019.

Ervervar må busetje seg på egedomen innan 1. september 2021, og sjølv bu der i minst fem år. Ervervar må ta egedomen som sin reelle bustad, ved å vere registrert med bustadadresse i Folkeregisteret frå og med den dato som buplikta byrjar.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato De vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva De klagar på i vedtaket, og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Med helsing

Helge Berset Kommunalsjef Samfunnsutvikling	Tore Henrik Øye Rådgjevar landbruk
--	---------------------------------------

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Vedlegg:

MELDING OM VEDTAK. KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM KONSESJON VED ERVERV AV
LANDBRUKSEIGEDOM GNR. 41, BNR. 1 KALAND I VAKSDAL KOMMUNE
KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM KONSESJON VED ERVERV AV LANDBRUKSEIGEDOM GNR. 41,
BNR. 1 KALAND I VAKSDAL KOMMUNE

Mottakarar:

Ronny Vatle Lilletvedt	Skulegata 6	5722	DALEKVAM
------------------------	-------------	------	----------